

Søknad om grensejustering - frå gbnr 172/31 til gbnr 172/171

Skildring av søknad:

Lindås kommune fekk tildelt midlar frå Hordaland fylkeskommune til punktutbetring langs Lurevegen, fylkesveg 402, ved Stokke bru på Seim.

Eit av krava var at Lindås kommune skulle vere byggherre og ha ansvar for heile jobben.

Det er difor Lindås kommune som står som ansvarleg søkjar for oppmålinga.

Som fullmakt ligg det vedlagt tildelingsbrev frå Hordaland fylkeskommune, vedlegg 13, kor det går fram at kommunen skal ha ansvar for heile prosessen.

Prosjektet gjekk ut på å siktutbetre i ei kurve langs Lurevegen. Det var behov for å grave av og sprengje vekk ein del fjell på eigedom 172/31 for å betre sikta i kurva.

Grunnerverv vart avtala med eigar av gbnr 172/31. I avtalen var 120m² avmerka som permanent erverv og 92m² som midlertidig disponibelt areal. Delar av det midlertidig disponerte arealet kunne gå inn som permanent ved uforutsette høve. Areala var merka som førebels og at små avvik kunne forekomme. Bakgrunnen er at det var uvisst kva type fjell ein kom til å møte på ved sprenging og grensa mot veg er stipulert. I den samanheng var det vanskeleg på førehand å oppgje eksakt areal ut i frå grense mot veg.

Permanent areal på vedlagt skisse, vedlegg 7, skal målast opp minst 3m frå vegkant eller om lag 1m frå grøftekant og grensejusterast inn på vegarealet til gbnr 172/171, fylkesveg 402 Lurevegen.

Det bør takast med i protokoll at det er ynskjeleg å få målt opp grensa mellom veg og eigedom 172/31 der den stipulerte grensa går pr. i dag.

Tinglysing:

I tillegg til grensejustering skal gjerde mellom gbnr 172/31 og 172/171 tinglysast. Tinglysinga skal innehalde grunneigar av gbnr 172/31 sitt ansvar for framtidig vedlikehald av gjerdet. Sjå kontrakt vedlegg 8, punkt 3. b).

LNF-område:

Vegavdelinga i Lindås kommune legg til grunn at det ikkje er naudsynt å søkja dispensasjon frå LNF i samband med grensejustering langs fv402.

Grunngjevinga er at det grensejusterte arealet er nytta til same formål som som arealet gbnr 172/171 hadde før utbetring av siktforholda langs vegen.